

Rapport frå registreringar av gamle ferdselsvegar/reksler og andre kulturminne på Filefjell, 2019 - 2021

Ragnar Eltun

Dato: 17.02.2022



Innhald

	Side
1. Samandrag	3
2. Innleiing	4
3. Måleutstyr og registreringar	4
4. Varderekker og oversiktskart.....	4
4.1 Groven	5
4.2 Ljøtebotnane	13
4.3 Steinurdi	21
4.4 Saltmannvegen over Filefjell	35
4.5 Postvegen Nedre Dalen – Gamlestøga	36
4.6 Gamlestøga – Vardhovdflænane	59
4.7 Gamlestøga – Kyrkjestølen	74
5. Funn etter rekslene og andre kulturminne	83
5.1 Fangsanlegget i Ursdalen	83
5.2 Steinurdi	99
5.3 Saltmannvegen over Filefjell	100
5.4 Postvegen	106
5.5 Andre kulturminne	107
6. Kjelder	113

Rapporten blir lagra og arkivert i Valdres natur- og kulturpark.



Varde på leia gjennom Steinurdi.

1. Samandrag

At fjellet har vore ein viktig del av livsgrunnlaget i fjellbygdene i alle tider, er gammal og godt dokumentert kunnskap. For å kunne utnytte ressursane på ein best mogleg måte, måtte ein før som no nå reisemåla så lettvtint som råd. I dag treng me gode vegar for t.d. å koma raskt og trygt fram til hytta. I gamle dagar var det livsviktig å finne fram over uvegsame fjellvidder anten ved reiser eller i næringssamanheng. Korleis skulle ein t.d. finne fram til fangstplassane for rein i fjellet, og den beste leia for å bera tunge børar heim så lettvtint og trygt som råd.

I åra 2019 – 2021 har me arbeidd på Filefjell med kartlegging av gamle reksler, ferdselsvegar og kulturminne knytt til desse. I denne rapporten presenterer me resultatet av desse funna. Registreringsarbeidet er gjort ved at me har målt inn vardar og kulturminne knytt til rekslene med GPS, og i nokre tilfelle leita etter gjenstandar langs rutene med metalldetektor.

Ein viktig del av dette er samferdslehistoria i fjellet. Vang og Filefjell ligg sentralt til som eit knutepunkt mellom Aust- og Vestlandet, og trafikken knytt til samferdsle over fjellet står sentralt. Som ein lekk i dette arbeidet, har me dokumentert ruta for Saltmannvegen over Filefjell frå Skakadalen i Vang til Nedre Smeddalsvatnet i Lærdal. Denne er presentert i ein eigen rapport (Eltun og Finstad, 2021).

I denne rapporten har me hovudfokus på andre reksler og kulturminne, og startar med ei varda rute gjennom Groven frå Nedre Tysketjernet til Vardhovflænane aust for Svarteknipa. Me har ikkje funne skriftlege kjelder om denne ruta, men mest truleg har ho vore brukt i tilknytning til jakt og fangst og av reingjetarar.

Ei anna varda rute, som heller ikkje er nemnt i skriftlege kjelder, går frå Øvre Geitskinnfjorden og sørover Ljøtebotnane til Langetjerne. Denne ruta har etter måten høge vardar som er synlege både sommar og vinter. Det er kjent at Ljøtebotnane har ei trekkerte for rein i dag, og truleg har det gått rein der frå urgamle tider. I Ursdalen mellom Ljøtebottegge og Grensehøgde aust for Langetjerne er det eit større fangstanlegg for rein med 13-14 bøgahi og 2 dyregraver. Det er godt truleg at det er samanheng mellom reinstrekket gjennom Ljøtebotnane og fangstanlegget i Urdalen, og at den varda ruta er knytt til reinfangst. Elles er det også mogleg at det her har gått ei reksle frå Grøndalen i Hemsedal mot Filefjell og Øye.

Ei lei som både er teikna inn på gamle kart og nemnd i litteraturen, går frå Fossegrovttjernet på grensa mot Hemsedal og inn i Steinurdi nord for Storeknippa. Vest i Steinurdi går ei grein sør-vest over mot Nedre Tysketjernet og ei nordover ned Steinurdalen mot Vardhovflænane aust for Svarteknipa. Her kan det vera tilknytning mot Gamlestøga. Dette kan ha vore kyrkjevegen frå Hemsedal til St. Thomas- kyrkja, men leia har nok også vore knytt til jakt og fangst. Det finst fleire dyregraver og bøgahi i området.

Postvegen frå Nede Dalen opp gjennom Rødalen via Tenlefjorden til Gamastøga er godt dokumentert i gamle og nyare kjeder. Mindre er nemnt om at denne leia har hatt mange andre funksjonar opp gjennom tidene, som t.d. sidegrein til Saltmannvegen, stølsveg og kyrkjeveg. Stølsvegen gjekk til Gamlestøga og forsette truleg til Hamarstølli'n og Kyrkjestølen. Kanskje går det ein jarnalderveg vidare vestover med tilknytning mot Saltmannvegen i Valdresdalen. Detter er blant det ein vil arbeide vidare med. Elles står det att mykje arbeid om «missing links» på dei omtale rekslene, og me vil gjerne prøve å finne punkt på Saltmannvegen vidare sør-austover i Vang og Vestre Slidre. Her er nok å ta fatt i!

2. Innleiing

At det har vore mange merkesteinar og andre merke etter ferdsel og ymse verksemd i fjellet i gammal tid, har eg vore klar over alt frå eg som smågut var med brørne mine og andre slektningar og vener i Øye til fjells sommar som vinter. Dei meir systematiske registreringane av ferdselsvegar og kulturminne starta etter inspirasjon frå Temaplan for kulturminne i Vang (2018) og særleg kapitelet om Saltmannvegen. Fyrste turen var på ski til Ljøtebotnane og Steinurdi på vårparten 2019. I samråd med Katharina Sparstad i Valdres natur og kulturpark, Oddbjørn Skeie i Vang kommune, leiaren i Vang Historielag, Tore Hovda og etter kvart arkeolog Espen Finstad frå Kulturarv seksjonen i Innlandet fylkeskommune, er dette følgt opp med systematisk registrering med GPS somrane 2019 - 2021. I 2019 og 2020 vart det også leita med metalldetektor på utvalde plassar. Registreringane er ikkje på langt nær ferdige og under vegs dukkar det stadig opp nye spørsmål, så arbeidet held fram. Det er t. d. aktuelt å prøve og følgje Saltmannvegen vidare sør-austover i Vangsfjella, og å finne moglege tilførselsvegar til Saltmannvegen frå jarnutvinningsområda på Filefjell. I tillegg er det mange andre vegleier og kulturminne som må undersøkjast nærare.

Som berre interessert og nysgjerrig fjellkar, er det mange faglege spørsmål ein gjerne ville ha svar på innan arkeologi og kulturhistorie. I den samanhengen har ein frå 2021 fått til eit godt samarbeid med Kulturarv seksjonen i Innlandet fylkeskommune v/arkeolog Espen Finstad. Han har mellom anna vore med på kartlegging av jarnvinneområda i Børrelia, har arbeidd med kartlegging av ferdselsrutene mellom Lom og Skjåk og vidare mot Sogn, og studert rein-fangstanlegg i fleire fjellområde. Ein annan sentral samarbeidspart er leiaren for Bolaug Bygdetun og lokalhistorikar, Dagfinn Hegg-Lunde, som har arbeidd med kartlegging av Saltmannvegen frå Seltun i Lærdal til grensa mot Innlandet fylke ved Nedre Sulevatnet, og ikkje minst Postvegen over Filefjell. Andre gode bidragsytarar er Jørand og Johannes Lunde, Sigrid Nystuen og Asgrim Opdal. Rapporten er ei oppfølging og vidareføring av rapporten frå 2020 (Eltun, 2020).


3. Måleutstyr og registreringar

Koordinatane for alle registreringane er bestemte ved hjelp av GPS, ein Garmin, Montana 680. Dei er oppgitt med punkt nr. (VP) og koordinatar for nord (N) og aust (A) i °, ' og ". Karta er laga av forfattaren ved hjelp av kartmalen i Garmin 'BaseCamp', kart: TOPO Norway Experience v4.

For søk etter metallgjenstandar er det brukt ein Fisher F75 metalldetektor. Detektoren vart kjøpt av Vang Historielag våren 2020 og eg har disponert han i 2020 sesongen. Søk med metalldetektor i fjellet blir litt som å «leite etter nåla i høystakken». Utanom vardane er det sjeldan spor etter stig eller tråkk langs rekslene. Om det har vore stigar er dei ofte attgrodde (Kristiansen, 2020), og om ein finn merke etter tråkk er det helst etter rein og sau. Størst sjanse for å finne noko er på stader der reksla snevvar seg saman som t.d. ved vandestadar, andre innsnevringar i terrenget eller på naturlege kvileplassar. Det er elles særlege reglar for bruk av metalldetektor i utmark og i tilknytning til verna kulturminne. Så bruken av metalldetektor blir berre gjort i samråd Kulturarv seksjonen i Fylkeskommunen.

4. Varderekker og oversiktskart

Vardar, merkesteinar og andre kulturminne på Filefjell syner at det har vore omfattande ferdsel her i uminnelege tider. Det har vore eit nett av reksler til føremål som jakt og fiske, ferdsel for t. d. bytehandel av varer (saltmannvegar), transport av geistlege og offentlege tenestemenn, ymse trafikk mellom bygdelag, støling og reindrift.



Kart 1. Kartleggingsområdet på Filefjell frå Utovatnet i nord til Grøndalen i sør og frå Smeddalen i vest til Skakadalen i aust.

Symbol alle kart:


Vardar	Va
Tuft/hellar/ly	Bu/hytte
Mur	Bøgahi
Kolgrop	Stig/tråkk
Dyregrav	Funn hestesko
Grasslette/kvileplass	Bøgahi, usikkert

4.1 Groven

Leia gjennom Groven er, etter det eg har funne, ikkje omtala i skriftlege kjelder, men ho kan ha vore brukt i samband med reinsjakt i gammal tid og for reingjetarar i nyare tid. Dette kan også ha vore ein gammal beinveg frå Suleskaret mot Saltmannvegen i område ved Tjern 1310 på Vardhovdflænane. Dei siste funna tyder på at det er ei samanhengande reksle gjennom Groven og heilt ned mot Saltmannvegen vest for Tjern 1310. Derifrå kjem ein òg innpå leia mot Tenlefjorden og Gamlestøga. Det var Jørand og Johannes Lunde som fortalde om leia til Katharina Sparstad, og eg har følgd opp med GPS registrering av vardane.

Registreringane vart gjorde den 27.06.2020 frå Nedre Tysketjernet (1397) og nord-aust over i retning Tjern 1310 på Vardhovdflænane. Dette vart følgd opp med registreringar vest for Tjern 1310 den

02.09.2020 og frå Tjern 1310 mot Groven den 13.05.2021. Den siste turen var på ski. Dette er ei fin tid for å finne vardar som stikk opp over snøen, men ein kan sjølvsagt gå glipp av vardar som ikkje har smelta fram.



Kart 2. Groven frå Nedre Tysketjernet mot Saltmannvegen på Vardhovdflænane. Leia aust på kartet er del av reksla gjennom Steinurdi. Saltmannvegen ligg mot nord.

Goven 1. VP 8: N 61 07 138, A 8 11 601

To steinar ved sidan av kvarandre på toppen av stor steinblokk i lia nord-aust for Nedre Tysketjernet. Registreringa er litt usikker, men dei to steinane har truleg legge oppå kvarandre og det er god sikt mot Groven 2. Sikt mot Nedre Tysketjernet og Sulefjellet bak.



Groven 2. VP 9: N 61 07 225, A 8 11 944

To steinar på toppen av stor stein rett nord for lite tjern. Sikt mot Groven 1 og 3.



Groven 3. VP 10: N 61 07 285, A 8 12 157

Stein på underliggende stein i sikteline til Groven 1 og 2. Ein del ur i området Groven 1-3, men vidare nordover er det mindre stein og ganske lettgått lende.



Groven 4. VP 12: N 61 07 402, A 8 12 272

Retningsstein med sidesteinar på stor stein. På høgde vest for Tjern 1398.



Groven 5. VP 14: N 61 07 468, A 8 12 766

Samanrast retningsvarde med spir på steinrygg. Sikt mot Tjern 1398. Groven 4 som ligg bak, er også synleg herifrå.



Groven 6. VP 15: N 61 07 554, A 8 12 998

Mura varde på stor stein.



Groven 7. VP 16: N 61 07 594, A 8 12 834

Varde, ca. 1m høg, mura på fjellknaus. Sikt nord-aust over i Groven.



Groven 8. VP 17: N 61 07 638, A 8 13 158

Stein på toppen av stor stein. Det ser ut til at toppsteinen har falle av. Sikt nord-aust over der Groven møter Steinurdalen. Kryssa bekken og gjekk vidare nedover på austsida av dalen, men fann ikkje fleire merkesteinar her.



Groven 9. VP 195: N 61 07 966, A 8 13 382

Varde med fleire steinar som er falt saman på ein stein. Ligg øvst i lia på nordsida av det lange smale tjernet der elvane frå Groven og Steinurdalen møtest.



Groven 10. VP 194: N 61 08 020, A 8 13 655

Fire steinar mura oppå kvarandre på stor stein. Toppsteinen har glidd ned. Ligg i hellinga før toppen av ryggen som mot sør hallar bratt ned mot tjernet der Groven og Steinurdalen møtest. Sikt mot Vardhovdflænane og Saltmannveggen.



Groven 11. VP 193: N 61 08 123, A 8 13 598

To steinar som er sette mot kvarandre på stor flat stein. Ligg høgt oppe i lia på nordsida av ryggen som går opp mot Groven. Sikt mot Vardhovdflænane og Vardhovdtinden, men ein ser også sørover og inn mot Groven.



Groven 12. VP 132: N 61 08 301, A 8 13 763

Ein stein på toppen av stor stein. Ligg nedre i lia vest for Tjern 1310 opp mot ryggen nord for Groven.



Merknader

Sjølv om registreringane i 2021 tyder på at leia gjennom Groven er knytt til Saltmannvegen trengs det meir leiting som kan stadfeste dette. Tilknyttinga til andre reksler i sør mot Tysketjerna og Suleskaret bør også undersøkjast nærare. Reksla gjennom Groven kan kanskje også knytast til leia som kjem gjennom Steinurdalen nede ved tjernet der bekkane gjennom Groven og Steinurdalen møtest, og mot Nedre Tysketjernet. Meir leiting trengs.

4.2 Ljøtebotnane

Eg har ikkje funne noko skriftleg om denne leia og ho er heller ikkje merka på kart. Mest truleg har ho vore brukt i samband med jakt, og kanskje fungert som tilførselsveg til reinfangstanlegget i Ursdalen mellom Ljøtebottegge og Grensehøgde (sjå kap. 5.1, side 83). Ei annan moglegheit er at leia har vore ei alternativ rute for ferdsel frå Hemsedal gjennom Grøndalen.

Ruta går frå området rett vest for Øvre Geitskinnfjorden vidare mellom Tjern 1321 og 1318 nørst i Ljøtebotnane og vidare sørover i Ljøtebotnane til sørenden av Langetjerne (1510). Registreringane er gjorde 16.07.2020, 16.08.2020 og 11.08.2021. Etter nye funn på turen i 2021 er leia endra litt heilt i sør, i skaret opp mot Langetjerne.

Gjennomgåande for vardane i Ljøtebotnane er at dei er ganske høge og ligg på eksponerte plassar i terrenget som er snøfrie vinterstid. Reksla kan såleis ha vore brukt vinterstid.



Reinstråkk i Ljøtebotnane. Her har det truleg gått rein frå urgamle tider fram til i dag.



Kart 3. Ljøtebotnane frå Øvre Geitskinnfjorden i nord til Langetjerne i sør. Ursdalen mellom Ljøtebottegge og Grensehøgde går austover frå Langetjerne.

Ljøtebotnane 1. VP 75: N 61 08 117, A 8 16 549

To steinar på toppen av stor stein mellom Tjern 1321 og 1318. Vardhovdtinden i horisonten.



Ljøtebotnane 2. VP 76: N 61 07 899, A 8 16 411

Tre steinar på toppen av stor stein i lia sør for Tjern 1318 med sikt mot Ljøtebotnane 1.



Ljøtebotnane 3. VP 20: N 61 07 803, A 8 16 322

Tre steinar på stor stein. Sikt mot Tjern 1321. Tyn og Uranustinden i horisonten.



Ljøtebotnane 4. VP 19: N 61 07 395, A 8 16 465

Enkelt stein på større stein vest for lite tjern med bekkeutløp mot Tjern 1321.



Ljøtebotnane 5. VP 32: N 61 07 164, A 8 16 982

Fint mura varde på toppen av fjellknaus. Ligg i leia langs bekken/elva frå Tjern 1321 til Langetjerne.



Ljøtebotnane 6. VP 33: N 61 07 066, A 8 16 983

Mura varde på toppen av stor stein. Sikt til Ljøtebotnane 5. Ligg i leia rett aust for stor langstakt høl i bekken frå Langetjerne. Dette er siste hølen før bekken/elva renn vidare mot Tjern 1321. Denne og fleire av hølane i bekken her ser ut til å vera ganske djupe og med nok vatn til at fisk kan leva her, men såg ikkje teikn til fisk.



Ljøtebotnane 7. VP 359: N 61 06 758, A 8 16 958

Mura siktevarde på fjelltopp med sikt nordover Ljøtebotnane. Varden ligg rett i sør forhold til Ljøtebotnane 5 og 6. Etter å ha passert Ljøtebotnane 6 går ein rett fram, og følgjer ikkje bekken som kjem frå Langetjerni. Sør for Ljøtebotnane 6 ligg det fleire markeringsvadar, som ikkje er registrerte enno, før ein kjem opp til ei etter måten lettgått ur som fører opp til fjellknausen og varden der.



Ljøtebotnane 8. VP 36: N 61 06 592, A 8 17 181

Stein på større 4-kanta stein. Ligg i lia nord-aust for utfallsosen i Austre Langetjernet (1510). Sikt mot Vestre Langetjernet og Høgeloft i himmelsyn.



Ljøtebotnane 9. VP 37: N 61 06 470, A 8 17 118

Fint oppmura steinspir som syner retninga nedover Ljøtebotnane ved utfallsosen til Austre Langetjern (1510).



Om lag 100 m vest for varden er det ein spesiell mur som truleg har tilknytning til reinfangst (Urdsalen 2, VP 109, sjå kap. 5.1, side 86).

Ljøtebotnane 10. VP 39: N 61 06 419, A 8 17 147

To steinar på ein større stein på ei høgde litt sør for Ljøtebotnane 9. Rett sør for denne varden er det sett opp steinar som kan vera knytt til reinfangst (Urdsalen 1, VP 38, sjå kap. 5.1, side 86).



Ljøtebotnane 11. VP 108: N 61 06 422, A 6 17 464

To steinar på stor stein på nord-aust sida av utfallsosen til Austre Langetjernet.



Merknader

Det er tydelege reinstrokk som går sørover på austsida av Vestre Langetjernet mot Fossegrovtjernet (1475). Det er også synlege reinstrokk heile vegen gjennom Ljøtebotnane (sjå bilde side 13) så her har det truleg vore rein i alle tider. Dette vert stadfesta av Asgrim Opdal i Filefjell reinlag som fortel at leia gjennom Ljøtebotnane forbi Langetjerne og mot Fossegrovtjernet og Skoddetinden er ein viktig trekkveg for reinen den dag i dag. Dei spesielle oppmura steinane i nordenden av Vestre Langetjernet tyder på at dette har vore eit jaktområde og kanskje har vardane oppover dalen tilknytning til dette. Ein tur opp Ljøtebotnane og austover i Ursdalen mellom Ljøtebottegge og Grensehøgde den 11.08.2021 synte at dette området verkelg har vore eit viktig område for reinfangst. Rett nord for det austre tjernet i dalen ligg det eit større fangstanlegg med minst 12 bøgahi og to reinsgraver. Dette anlegget er nærare omtal i kap. 5.1, side 83.

Dalen mellom Ljøtebottegge (1612) i nord og Grensehøgde (1669) i sør fører ned i Ursdalen i Vang sokn og er ei mogleg lei for ein saltmannveg (Temaplan for kulturminne i Vang, 2018). Eg fann ingen ledesteinar i dalen som er ei meir og mindre samanhengande ur (sjå bilde side 21). Det synest lite truleg at det kan ha gått nokon saltmannveg for hestetransport i dette lendet. Særleg når det går ei mykje lettare lei lenger nord (sjå kap. 4. 4, side 35).



Utsikt austover Ursdalen mellom Ljøtebottegge og Grensehøgde.


Fann heller ingen vardar eller andre merkesteinar på vegen frå nordenden av Vestre Langetjernet mot Fossegrovtjernet, men leia er lettgått med lite ur. Dette er ei klart snillare lei enn på vestsida av vatnet der det er meir grov ur. Det Vestre Langetjernet ligg på vasskille og renn ut i ur både mot sør (Grøndalen i Hemsedal) og nord (Ljøtebotnane i Vang). Begge Langetjerne er store og djupe vatn der det burde kunne leva fisk.

4.3 Steinurdi

Her går det ei godt merka lei frå nordsida av Fossegrovtjernet, aust for Høgde 1568, inn i skaret mellom Storeknippa (1648) og Høgde 1588, vidare i bakkane under Storeknippa (1648) mot Tjern 1486. Herifrå er leia meir usikker, men det ser ut til at ho deler seg med ei grein mot Nedre Tysketjernet (1415) og ei mot Steinurdalen og vidare mot Vardhovdflænane. Her må det leitast meir for å finne «missing links». Leia gjennom Steinurdi er den stuttaste vegen mot Filefjell og Gamlestøga frå Hemsedal, og er i bra samsvar med stigen frå Grøndalen i Hemsedal til Gamlestøga på Filefjell som er teikna inn på Amtskartet Christians Amt frå 1849. Leia frå Gamlestøga til Hemsedal er også omtala av Stilloff (1939): «Fra Gamlestua på sydsiden av det ovennevnte Utrovatn, førte en vei sydover til Hemsedal gjennom Grøndalen». Meir detaljerte opplysingar om kvar leia eigentleg har gått har eg ikkje funne, men leia eg har registrert delar av gjennom Steinurdi, kan vera den gamle ferdselsåra mellom Hemsedal og Filefjell, og kanskje ei lei brukt som kyrkjeveg til St. Thomas kyrkja.

Registreringane er gjorde 16.07.2019, 16.07.2020 og 16.08.2020.

Det er ikkje gjort nye registreringar i 2021.



Kart 4. Steinurdi frå Fossegrovstjernet i sør med greiner mot Nedre Tyskjetjernet i vest og Vardhovdflænane i nord. Ljøtebotnane ligg austafør.

Steinurdi 1. VP 41: N 61 05 741, A 8 16 782

Mura varde (ca. 60 cm høg) på fjellknaus i lia nord for Fossegrovtjernet. Utsikt mot Kyrkjenosi (1667), Grøndalsbotnen og Fossegrovtjernet. Fleire lause steinar rundt varden tyder på at toppen har rast ned og at han har vore høgare før. Har ikkje fått sett vidare på tilknytning til stigane opp frå Grøndalsbotnen som frå gammalt er sagt å gå opp Kyrkjeporten, eller som DNT stigen i dag, opp langs aust sida av elva frå Grøndalsbottvatnet (1309) til Fossegrovtjernet.



Steinurdi 2. VP 110: N 61 05 965, A 8 16 595

Nedfallen varde på fin grasslette nord-aust for Høgde 1568. Mengda stein syner at det har stande ein godt synleg mura varde her.



Steinurdi 3. VP 42: N 61 06 211, A 8 16 242

Tre steinar på høgkant (retningssteinar) med sidesteinar som står på ei tjukk helle. Det er lettgått fint terreng med grasmarker sør og vest for Høgde 1568. Fin sikt mot Storeknippa (1648) som har stor og fin varde (triangelpunkt for NGO).



Steinurdi 4. VP 43: N 61 06 236, A 8 16 181

To steinar (retningssteinar) med sidesteinar på stor stein. Sikt til Steinurdi 3 og 5 og mot Storeknippa.




Steinurdi 5. VP 44: N 61 06 331, A 8 16 017

Fint mura varde, ca. 90 cm høg, på fjellknaus som ligg på brinken mot Steinurdi og med utsikt mot Hurungane. Rett under fjellskrenten som varden står på, er det ei reinsgrav med tydelege fangarmar (sjå kap. 5.2, side 99).



Steinurdi 6. VP 45: N 61 06 426, A 8 16 004

Spiss steinhelle med sidesteinar på toppen av helle som ligg på stor stein. Sjølv spiret har velta delvis over på sida. Steinen ligg lit opp i lia med mykje ur litt utanfor leia til dei andre merkesteinane i leia.



Steinurdi 7. VP 46: N 61 06 416, A 8 15 835

Liten stein på større helle som ligg på ein bergnabbe.



Steinurdi 8. VP 47: N 61 06 463, A 8 15 760

Helle som har velta over mot ein sidestein. Ligg på toppen av stor stein.



Steinurdi 9. VP 48. N 61 06 481, 8 15 715

Den mest føreseggjorde varden i Seinurdi leia, ca. 1,2 m høg med siktehol i ferdselsretningen og toppstein. Sikt mot Steinurdi 8 og 5 og flott utsikt mot Hurungane, Steinurdi og Steinurdalstjernet (1430).



Steinurdi 10. VP 49: N 61 06 526, A 8 15 492

Stein på toppen av stor stein. Sikt til Steinurdi 9.



Steinurdi 11. VP 50: N 61 06 640, A 8 15 226

Steinar som har falle saman på toppen av stor stein. Litt usikker.



Steinurdi 12. VP 54: N 61 06 802, A 8 14 562

To steinar på fjellknaus i augesyn frå Steinurdi 13.



Steinurdi 13. VP 53: N 61 06 818, A 8 14 516

Steinspir som har falle ned på toppen av steinknaus i skaret mot Tjern 1486. Fin utsikt mot Steinurdalstjernet og austover i Steinurdi.



Steinurdi 14. VP 51: 61 06 938, A 8 14 252

Steinspir med sidesteinar på toppen av stor stein sør-aust for Tjern 1486. Delvis samanfalle.



Steinurdi 15. VP 52: 61 06 730, A 8 13 107

Stein på større stein på bergrygg. Det kan ha vore to steinar til som har falle ned. Litt usikker. Ligg på nord-vest sida av Øvre Tysketjernet (1415) med Sulefjellet (1812) og Suletinden (1780, triangelpunkt) i himmelsyn.

Snur her på den vestre leia som går mot mot Tysketjerne den 16.07.2019. Den 16.07 og 16.08.20 leita eg vidare på den nordre leia som går gjennom Steinurdalen mot Vardhovdflænane.



Steinurdi 16. VP 78: N 61 07 064, A 8 14 751

Fint spir med sidesteinar og med retning nedover Steinurdalen. På toppen av stor stein rett sør for utfallsosen til Steinurdalstjernet.



Steinurdi 17. VP 112: N 61 07 297, A 8 14 419

Retningsstein nord for osen på austsida av elva frå Steinurdalstjernet. Fint oppmura spir med sidesteinar som står på ei helle i flatt myrlendt lende.



Steinurdi 18. VP 113: N 61 07 332, A 8 14 311

Varde på stein i sørvendt helling nord for Steinurdi 17. Rett opp for stor høl i elva.



Steinurdi 19. VP 114: N 61 07 350, A 8 14 304

Retningsstein på toppen av stor stein. Synleg frå Steinurdi 18.



Steinurdi 20. VP 115: N 61 07 428, A 8 14 207

Retningsstein, spir med sidesteinar på stor stein.



Steinurdi 21. VP 117: N 61 07 739, A 8 14 040

Retningsstein med sidesteinar, delvis nedfallen, på stor stein. Det ligg ei samanrast reinsgrav ved ein høl i elva mellom Steinurdi 20 og 21 (sjå kap. 5.2, side 99).



Steinurdi 22. VP 118: N 61 07 746, A 8 13 980

Retningsstein, delvis nedfallen på stor stein.



Steinurdi 23. VP 119: N 61 07 852, A 8 13 930

Retningsstein på stor stein rett sør for tjernet der elva frå Steinurdalen og bekken frå Groven møtest.



Merknader

Såg ingen fleire merkesteinar på turen sørover mot Tysketjerne den 16.07.2019 og snudde ved Steinurdi 15. I følge Jørand Ødegård Lunde, som har dette etter Jens Horge (1915-2006) som var reinsgjeterar i området i mellomkrigsåra, så vart det fjerna gamle vardar i området frå Øvre Tysketjernet til Tjern 1486. Dette vart gjort i samband med etableringa av DNT stigen til Hemsedal som går mellom Tysketjerna, for å hindre at folk tok feil av leia. For å finne ut av dette må ein undersøke nærare når DNT stigane i området vart anlagde.

Gjekk attande til Steinurdi 13 for å finne ei

mogleg reksle ned i Steinurdalen, men fann ikkje noko på turen i 2019. Var attende i Steinurdi den 16.07 og 16.08.2020 og fann då ein merkestein på sørsida av utfallsosen til Steinurdalstjernet og fleire merkesteinar nordover på austsida av elva frå Steinurdalstjernet, men det er endå manglande funn frå utfallsosen til Steinurdalstjernet til reksla lenger sør i Steinurdi. Her må det leitast meir.

Fann ikkje fleir vardar vidare langs sørsida av elva som renn ned i Tjern 1314. Det er svært mykje ur langs denne ruta så kanskje har leia heller gått vest for tjernet der Steinurdalen og Groven møtest, og vidare mot Vardhovdflænane og Tenlefjorden (Amtskart 1849). Der er det i alle fall finare lende. På turen 02.09.2020 fann eg ein merkestein vest for Tjern 1314 som kan ha tilknytning til denne leia. Her må det leitast meir for å finne ut av dette.

4.4 Saltmannvegen over Filefjell – Skakadalen til Nedre Smeddalsvatn

Varderekkja for Saltmannvegen over Filefjell frå Skakadalen til Nedre Smeddalsvatnet er registrert i åra 2019-2021 og presentert i eigen rapport (Eltun og Finstad, 2021). Me tek med samandraget frå rapporten her:


At det har vore omfattande ferdsel fjell-leies frå fjordbygdene på Vestlandet til grensetraktene på austsida av Filefjell alt frå tida for den første busetnaden og fram til midten av 1800 talet, er godt dokumentert. Valdres-bygdene var frå gammalt i stor grad sjølvforsynt med det meste av det dei trong, men mangla salt og sild som dei måtte hente på Vestlandet. Denne trafikken har gitt namnet til dei gamle vegleiene, saltman- og sildemannvegar, som gjekk den stuttaste og lettaste leia. Sjølv om det finst mange og sikre kjelder for denne trafikken gir dei få detaljerte opplysingar om kvar vegane eigentleg gjekk. Det næraste ein kjem for leia over Filefjell er i følge Per Berg:

«Saltmanvægen går frå Fosheim noråver førbi Semelenge, nordveståver Dingladn, ei stor slette på nokre hundre mål, norover etter Syndisvøtno, noråver Vang, over Skakadalen, nordåver fjellet o ner Lærdal».

I dette arbeidet har me leita opp og registrert dei gamle varderekkene som var ledesteinar for saltmannvegen over Filefjell. Me startar nørst i Skakadalen der DNT-stigen i stor grad følgjer den gamle leia opp gjennom Munin, over Muneflænane og mot utosen i Nedre Geitskinnfjorden. Herifrå går leia rett vestover Vardhovdflænane mot Svartekippa, og passerer på sørsida av tjernet ved dagens Sulebu. Heile dette strekket går vegen litt sør for DNT-stigen. Vidare går vegen ned dalen mot Nedre Sulevatnet der han kryssar over elva frå Øvre Sulevatnet, og følgjer sørsida av Nedre Sulevatnet. Frå vestenden av Nedre Sulevatnet går tråkket nord for Brunshaugtjørni og mot Høgde 1329 der det går fram i skaret mot Sauetjørn. Herifrå i går leia i lia på austsida av Sauetjørn og ned til utosen der saltmannvegen også kryssar Kongevegen. Vidare sør-vestover går vegen beinaste leia på turre rabbar og svaberg fram til bekkedalen som går mot Stovestølen. Ned bjørkelia mot Matbodstølen er det vanskeleg å finne merkinga, men frå Matbodstølen og ned mot utosen i Nedre Smeddalsvatnet er det godt merka med steinar. Vi stoppar ved Smeddalsosen. Vegen vidare mot Seltun i Lærdal er kartlagt og beskriven av Oddkjell Bosheim og Dagfinn Hegg-Lunde.

Alt i alt har me registrert 180 punkt på leia frå Skakadalen til Smeddalsosen som i hovudsak er enkle markeringsvardar, men også styrings- og retningsvardar. I tillegg vadestadar, tufter og moglege kvileplassar. Både ved Geitskinnfjorden og ved Nedre Sulevatnet er det gjort funn av mellom anna hestesko, frå mellomalderen. I rapporten argumenterer me for at ruta er enda eldre og går attende til jernalder, truleg eldre jernalder, og var i bruk fram til 1800 talet.

Arbeidet er ikkje ferdig. Me ønskjer vi å få gjort arkeologiske undersøkingar på utvalde stader langs leia (mellom anna datering av tufter), for nærare stadfesting av når og kanskje korleis vegen har vore brukt. Vidare trur me det har vore ein tilkoplingsveg til saltmannvegen frå dei rike jarnutvinningsområda på Filefjell frå Børrelia i aust og heile vegen til Smeddalen i vest, der også St. Thomaskyrja må ha hatt ein plass. Denne moglege jarnvegen håpar me å kunne leite opp. I tillegg håpar me å kunne finne merk etter vegen vidare sør-austover i Vang og Vestre Slidre.




Kart 5. Oversiktskart som syner Saltmannvegen over Filefjell frå Skakadalen i Vang til Nedre Smeddalsvatnet i Lærdal, slik han no er registrert. Kartet er laga av Espen Finstad.

4.5 Postvegen frå Nedre Dalen opp Rødalen til Gamlestøga: saltveg - postveg – allmannveg - stølsveg – kyrkje- og pilegrimsveg

Vegleia frå Nedre Dalen i Øye opp gjennom Rødalen og over fjellet til Gamlestøga og Filefjell er gammal og har ganske sikkert hatt ulike funksjonar opp gjennom tidene, liksom sideveg til Saltmannvegen, postveg, allmannveg, kyrkjeveg, stølsveg og seinast pilegrims led. Årsaka til denne leia sin sentrale plass synest grei: dette var stuttaste og raskaste vegen sommars tid frå Nedre Dalen til det sentrale Filefjell området. Leia gjennom hovuddalføret om Øvre Dalen og Oppdal var både lenger og hadde farlege elvekryssingar i tida før ein fekk bruer. Vinterstid var derimot leia om Øvre Dalen den mest brukte.

Leia er godt kjent, kartlagt og omtala t.d. i Turhandbok for Vang i Valdres (Hovda, 2001) og boka Pilegrim i Valdres (Jahnsen, 2006). Her har me målt inn vardane langs leia over fjellet og sett på bruken av vegen opp gjennom tidene. Nokre av vardane er nok «fikla» med opp gjennom åra, men leia er klar.

Registreringane er gjorde 02.09.2020 og 19.06. og 30.07.2021.



Kart 6. Postvegen frå Brekko i Rødalen til Gamlestøga.

Sideveg til Saltmannvegen

Som fortalt i rapporten om kartlegginga av Saltmannvegen over Filefjell (Eltun og Finstad, 2021), går ferdsla over Filefjell truleg attende til tida då dei første busetjarane i øvre del av Valdres kom over fjellet vestfrå, og ho var godt etablert i jernalderen og vikingtida. Sentralt i denne trafikken var behovet for salt og sild vestfrå og seinare meir almen handelsverksemd. Ein viktig Saltmannvegen gjekk fjell-leies frå Fossheim i Vestre Slidre til Lærdal med sidevegar frå dei ulike bygdelaga i dalen. Hovudferdsla over Filefjell gjekk om Skakadalen, på sørsida av Geitskinnfjorden, over Vardhovdflænane til Svarteknipa og vidare vestover til Nedre Sulevatnet, Sauetjern og Smeddalsosen (sjå kart side 36).

Det kan ha vore fleire sidevegar frå Nedre Dalen i Øye, men den mest brukte var ganske sikkert leia opp Rødalen til Brekko og derifrå over fjellet til Tenlefjorden, der det var vegskilje mot Gamlestøga ved vaet over Tenla. Saltmannvegen frå Nedre Dalen gjekk vidare sør-vestover og kom truleg opp på Saltmannvegen frå Skakadalen i området vest for Tjern 1310 på Vardhovdflænane (sjå kap. 4.6 og kart side 60). Hermundstad (1939) seier at vegen som gjekk fjell-leis sør frå i Valdres delte seg i Vang med ei grein som gjekk opp Skakadalen og ei som gjekk opp gjennom Rødalen i Øye. At sommarvegen gjennom Rødalen har tilknytning til Saltmannvegen vitnar også vardesystema om. Over fjellet ved Tenlefjorden er vardane liksom på Saltmannvegen, dominerte av små markingsvardar med innslag av styringsvardar.

Frå tidleg vikingtid rundt år 800 og fram mot slutten av 1200-talet var det stor jarnvinneverksemd på Filefjell (Larsen, 2010) og kanskje var vegen om Rødalen også ein viktig tilkomstsveg for arbeidsfolk i jarnvinneanlegga. Spanande er det også at denne vegen er nemnt som ei mogleg lei for Olav den heilage då han kom vestfrå for å kristne vangskjeldingane i år 1023 (Stilloff, 1939). Me trur likevel at vegen om Skakadalen er den mest aktuelle (Eltun og Finstad, 2021) for kristningsferda.

Postveg og almen veg

I 1647 vart det oppretta eit norsk postvesen og samstundes ei fast postrute mellom Christiania og Bergen (Johannessen, 1997 og <http://lokalhistoriewiki.no>). Denne ruta gjekk gjennom Valdres og vart betent av postbønder og faste postgardar. I Vang var det fem postgardar, frå sør: Bunde, Nerre Hæn, Øvre Kvåle, Kjerstein og Uvdal/Oppdal. Kjerstein og Uvdal delte på den lange roda over fjellet til Bjøråker og Æråker i Borgum, 5 ½ landmil (ca.

60 km). På vegen over Filefjell var truleg Gamlestøga og seinare Nystøga sentrale knutepunkt. Sommartid gjekk postvegen på den alt etablerte leia for Saltmannvegen frå Kjerstein og Eltun, opp Rødalen om Tenlefjorden over Tenla og ned til Gamlestøga. Om vinteren gjekk postvegen helst frå Uvdal og vidare oppover dalen til Gamlestøga og Nystøga. At leia om Rødalen først og fremst var ei sommarrute fortel merkinga, som liksom for Saltmannvegen består av låge vardar som lett driv ned vinterstid. Dette i motsetnad til vinterleia over fjellet frå Gamlestøga til Maristøga, som hadde høge vardar plasserte på høgder i terrenget og merkestakar i tre (Hegg-Lunde, pers. rapport). Vegen om Rødalen kunne også vera utsett for snørast ved Brekko vinterstid.

Kor lenge ruta om Rødalen var i bruk veit ein ikkje sikkert med Ivar Torsteinsson Kjerstein (1812-1884) er nemnd som den siste som bar posten gjennom Rødalen om sommaren (Frøholm, 1985). I Bygdeboka for Vang (Frøholm, 1985) finn ein òg to andre som var postkarar/postførarar i Nedre Dalen på 1800 talet: Knut Ivarson Eltun (født 1817) var postkar nokre år frå 1836 og Trond Ivarsson Eltun (født 1823), var postfører. Dette kan tyde på at sommarruta om Rødalen var i bruk heilt fram mot midten av 1800-talet.

Eit spørsmål er kor lenge Gamlestøga hadde ei rolle som fjellstøge og kvileplass for postberarane. Nystøga vart fjellstøge frå midt på 1600-talet, men postgard først rundt 1760. Gamlestøga låg lagelegare til i leia for postføringa mot Maristøga når turen gjekk om Rødalen, og var kanskje kvileplass for postføraren heilt fram mot slutten av 1600-talet. Gamlestøga låg i alle fall aude når Lunde og Skjøre fekk stølar der i 1751. Så på den tida hadde Nystøga take over som fjellstøge og kvileplass for postberarane.

I tillegg til postveg var sommar ruta om Rødalen truleg også allmannvegen for ferdafolk over Filefjell før Kongevegen kom. Det var hels ikkje utan grunn at Eltun, nabogarden til postgarden Kjerstein vart gjestgjevargard i 1663. I tillegg var Skogstad i Øvre Dalen gjestgjevargard. Om gjestgjevarane i 1663 skriv Lillebrænd i Valdres Bygdebok III (1972): «I Vang var det «under Filldefiell» Nils Skogstad om vinteren og Knut Eltun om sommaren. Dette tyder på at ferda om sommaren kan ha gått opp Rødalen og om Gamlestøga, og om vinteren opp dalen frå Skogstad til Nystøga». Altså same ruter for ferdafolk som for posten.

Stølsveg

Vegen om Rødalen og Tenlefjorden vart brukt som stølsveg for stølane på Gamlestøga frå stølane vart oppretta i 1751 og fram til først på 1900-talet. På Gamlestøga kalla dei denne vegen Liavegen. Den noverande stølsvegen gjennom Børrelia vart ikkje ferdig før i 1956 og vegen om Nystøga var klart lenger (Jørand og Johannes Lunde, pers. oppl.).

Øvre Eltun hadde støl i Hamarstølli'n sør-aust for Kyrkjestølen (Frøholm, 1985). Når denne stølen vart oppretta veit ein ikkje, men han vart flytta til Kyrkjestølen truleg i 1775. Årsaka til flyttinga skal ha vore at det var så mykje gråbein/ulv i den tette bjørkeskogen i baklia der. At det var mykje ulv på Filefjell fram mot midten av 1800-talet er også omtala av andre (Oppdal, 1956), så det kan godt vera hald i at ulven jaga dei frå stølen. Det er grunn til å tru at stølen må ha lagge der i mange år før han vart flytta, og då er det rimeleg å tru at vegen

om Rødalen og over til Gamlestøga også var den mest brukte for Hamarstølli'n. Dette må helst ha vore før Lunde og Skjøre fekk støl på Gamlestøga. Det er endå godt synleg stig/tråkk frå Gamestøga på sørsida av Kyrkjestølsmyrane til tuftene etter stølen i Hamarstølli'n, og dette kan ha vore den gamle stølsvegen for Øvre Eltun (sjå kart 8 side 74). Utanom Øvre Eltun hadde også Haugen og kanskje Øye støl på Kyrkjestølen, men dette var først etter at Kongevegen kom i 1793 og då vart vel helst Kongevegen stølsvegen deira.

Kyrkje- og pilegrimsveg

St. Thomas-kyrkja vart trug bygt på 11-1200-talet, men lite er kjent om bruken av kyrkja før ho vart sett istand att først på 1600-talet (Lund, 1997), etter at ho hadde vore ute av bruk etter Svartedauen i 1349. I åra fram til ho vart reven i 1808 var det stor tilstrøyming til messa og folkefesten som følgde med, ved Syftesok, 2. juli. Utanom Valdres kom det folk frå Sogn, Hallingdal, Nord Gudbrandsdalen og endå lenger frå. Desse følgde etablerte stigar som Saltmannvegen, og for folk sørfrå vart både vegen om Rødalen og Skakadalen brukte som kyrkjeveg.

Vi kjenner ikkje til om St. Thomas kyrkja var pilegrimskyrkje i mellomalderen, før 1537, men i nyare tid, etter at me fekk ei ny St. Thomas-kyrkje, vart det i 2006 etablert ein ny pilegrimsled mellom stavkyrkjene i Valdres frå Hedalen i sør til endepunktet ved St. Thomas-kyrkja på Filefjell (Jahnsen, 2006). Denne leden følgjer den gamle vegen frå Nedre Dalen, gjennom Rødalen til Gamlestøga og vidare på ny stig til Kyrkjestølen. På denne måten er ringen slutta og den gamle leia har fått nytt liv.



Utsyn austover Rødalen frå varden opp for Øvre Brekko. Dette er ein nyare varde.

Postvegen 1. VP 351: N 61 10 176, A 8 18 268

Tufter etter stølane i Kisebrekkun. Stølane som låg til Kjersteins gardane, vart nedlagde før 1800. Postvegen går like i framkant.



Postvegen 2. VP 350: N 61 10 771, A 8 17 081

Delvis nedrast varde på liten kolle rett vest for fiskebua i sørenden av Røtjernet.



Postvegen 3. VP 349: N 61 10 371, A 8 17 081

Tydeleg stig midt på Røtjernet.



Postvegen 4. VP 347: 61 10 478, A 8 16 784

Kryssingspunkt med bekken i nordenden av Røtjernet.

På ein morenerygg rett nord for bekken ligg det to stølstufter (VP 348) som er omtal i kap. 5.5.




Postvegen 5. VP 346: N 61 10 450, A 8 16 693

Tydeleg gammel «grøft» etter stig rett nord-vest for Røtjernet.



Postvegen 6. VP 345: N 61 10 436, A 8 16 643

Stein på stor flat stein. Merkestake for pilegrimsleden rett bak.



Postvegen 7. VP 344: N 61 10 421, A 8 16 616

Ny opplagt varde på bergknaus, men det ser ut til at steinen stammar frå ein gammal styringsvarde med sikt mot nord-enden av Røtjernet og vidare vestover.



Postvegen 8. VP 343: N 61 10 393, A 8 16 481

To steinar oppå kvarandre på bergrygg rett ved merkestake for pilegrims lede.



Postvegen 9. VP 342: 61 10 407, A 8 16 322

To steinar på fjellrygg rett aust for Postvegen 341. To steinar på fjellrygg som truleg har legge oppå kvarandre. Me er no på eit platå med sikt austover i Valdres heilt mot Rundemellen i Øystre Slidre.



Postvegen 10. VP 341: N 61 10 403, A 8 16 322

Varde på fjellrygg som har fall delvis ned.



Postvegen 11. VP 340: N 61 10 376, A 8 16 141

Fleire firkanta steinar på ein bergrygg, truleg ein nedfallen varde.



Postvegen 12. VP 339: N 61 10 367, A 8 16 070

Va over bekken frå Tenletjernet (1168 m o. h.) som renn austover mot Røtjernet. Området ligg på vass-skilje mellom Tenlevassdraget mot vest og Rødalen mot aust.



Postvegen 13. 384: N 61 10 319, A 8 15 698

Steinar på stor stein på sørsida av Tenletjernet.



Postvegen 14. VP 383: N 61 10 315, A 8 15 552

Liten Varde på stor firkanta stein.



Postvegen 15. VP 338: N 61 10 331, A 8 15 371

Stein på størrelse ca. 8 m nord for pilegrimsleden.



Postvegen 16. VP 337: N 61 10 338, A 8 15 277

Punkt i tråkket til pilegrimsleden over turr rabbe rett nord for fiskebua ved Tenlefjorden (1168 m o. h.). Vardhovdtinden i sør-aust.



Postvegen 17. VP 336: N 61 10 272, A 8 14 911

Punkt, mogleg gammal varde, ved pilegrimsleden. Sikt mot Tenlefjorden.



Postvegen 18. VP 335: 61 10 254, A 8 14 365

To steinar på flat stein rett ved kanten til lite tjern. Karakteristisk terningforma stein som står på høggkant rett i sør-aust. Denne kan ha vore eit siktepunkt. Rett vest for tjernet kjem ein over høgda og terrenget hallar nedover mot Tenla.

Murar som liknar på ein gammal utepeis (VP 334) ligg i jordbakken mellom Postvegen 18 og 19 (sjå kap. 5.4, side 106).



Postvegen 19. VP 333: N 61 10 145, A 8 14 163

Tre steinar som står skrått mot ein helleliknande stein på bart fjell.

Første varde med sikt mot Kyrkjestølen og St. Thomas kyrkje. For pilegrimar er dette *Fegingsbrekka*: her kan dei for første gong sjå målet for vandringa og forventningane og gleda er sjølvsagt stor.



Postvegen 20. VP 332: N 61 10 145, A 8 14 058

Fire små steinar på større firkanta stein som ligg på bergrygg. Ein stein ved sidan kan ha falle ned. Postvegen 19, 20 og 21 ligg på linje på fjellryggen som går ned mot dalen og Tenla. Alle tre vardane ligg litt nordafor den merka pilegrimsleden.



Postvegen 21. VP 331: N 61 10 146, A 8 14 004

Lita helle og tre mindre steinar på firkanta stein lengst vest på fjellryggen, rett før ein bratt skråning ned mot Tenla.



Postvegen 22. VP 215: N 61 10 187, A 8 13 690

Va over Tenla. Her er elva ganske brei og grunn og egna for vading når elva er stor både for folk og hest. Postvegen 21 ligg i nord i skaret i bakgrunnen.

Lenger opp mot utosen i Tenlefjorden der elva svingar nedover dalen mot Utrovatnet, er det eit breitt og grunt område der det er lagt ut steinar for vading. Her var det mogleg å koma over ved ekstra stor vassføring (sjå kap. 4.6, Gamlestøga 19, VP 329, side 64).

Frå vaet her går det også ein stig mot vest som kjem inn på reksla mot Tenlefjorden og Saltannvegen frå Gamlestøga. Dette ser såleis ut til å vera eit nøkkelpunkt for tilknytinga mellom Postvegen og Saltmannvegen.



Postvegen 23. VP 324: N 61 10 236, A 8 13 627

Alternativt va over Tenla litt nord for Postvegen 22. Ved dette svaberget smalnar elva inn og her kan ein hoppe over når elva er liten.



Postvegen 24. VP 323: N 61 10 242, A 8 13 599

Stigkryss der den gamle stigen ned mot Gamlestøga kryssar ein ny anlagt stig mot Gamlestogofjellet. Den nye stigen kryssar elva på bru ca. 50 m nord for stigkrysset.



Postvegen 25. VP 322: N 61 10 259, A 8 13 372

Stor stein som ligg heilt ut mot elva med stor flat side mot stigen. Stigen går heilt ned mot elva her. Han går i tydeleg grop og er lett å følgje.



Postvegen 26. VP 321: N 61 10 270, A 8 13 235

To steinar, ein stor og ein mindre som truleg har lege oppå den store, på toppen stor kampestein. Den store steinen ligg rett ved (nordafør) tydeleg stig. Det er fin stig på turre rabbar/svaberg ned mot Postvegen 27.



Postvegen 27. VP 320: N 61 10 290, A 8 13 000

Rund stein som ligg på svaberget rett i leia for stigen.



Postvegen 28. VP 319: N 61 10 299, A 8 12 876

Punkt ved bergknaus der stigen kjem i nedkant av knausen. Like i skoggrensa. Elva er synleg ca. 50 m mot nord.



Postvegen 29. VP 208: N 61 10 323, A 8 16 631

Kvit merkepinne ved stigen. Elva renn rett på nordsida.



Postvegen 30. VP 207: N 61 10 342, A 8 12 378

Liten slette om lag 50 m frå elva. Stigen går over sletta og er godt synleg vidare oppover i skråninga ned mot elva.



Postvegen 31. VP 175: N 61 10 362, A 8 12 235

Tydeleg gropstig vidare oppetter langs elva.



Postvegen 32. VP 176: N 61 10 377, A 8 12 202

Vi kjem bort til Tenla. Stigen blir tydlegare og svingar oppover langs elva ved stor trekanta stein.

Mellom Postvegen 32 og 36 går stigen i delvis myrlendt terreng, og her er han i stor grad attgrodd og vanskeleg å finne.



Postvegen 33. VP 174: N 6 10 354, A 8 11 12 079

Mogleg plass for kryssing av stor bekk som kjem frå lite tjern på Gamlestogofjellet (1362). Stigen er utydeleg her, men trur me er på sporet.



Postvegen 34. VP 172: N 61 10 335, A 8 11 974

Utydeleg stig ved kolgrop med mykje jarnslagg rundt. Slagget låg rett under torva. Kanskje har det vore ei jarnvinne her? I alle fall er det mange slike i Børrelia på austsida av Tenla (Temaplan for kulturminne i Vang, 2018).



Postvegen 35. VP 171: N 61 10 334, A 8 11 957

Utydeleg stig rett i overkant av tre-kanta myr. Kolgrop like ved.



Postvegen 36. VP 170: N 61 10 291, A 8 11 772

Stigen kryssar bekk som her renn mot vest langs ein morenerygg. Herifrå vert stigen meir utydeleg og me slepp oss ned mot myra mot nord. Fann ein enkelt klump med jarnslagg rett ved der stigen kryssar bekken. Manglar bilde.

Postvegen 37. VP 169: N 61 10 284, A 8 11 701

Stigen kryssar bekk. Tydeleg tråkk.



Postvegen 38. VP 168: N 61 10 313, A 8 11 90

Stigen kryssar bekkesig. Godt synleg tråkk.



Postvegen 39. VP 167: N 61 10 335, A 8 11 364

Stigen kryssar liten bekk like aust for Gamlestøga. Tydeleg gropstig. Ser fram mot stølane på Gamlestøga.



Postvegen 40. VP 74: N 61 10 352, A 8 11 280

Tufta etter det ein meiner var fjellstøga Gamlestøga (sjå kap. 4.6, side 59).




4.6 Gamlestøga – Vardhovdflænane

Mange kjelder peikar på Gamlestøga som eit knutepunkt for trafikken over Filefjell i gammal tid. Hermundstad (1939) seier at vegen som gjekk fjell-leis sør frå i Valdres delte seg i Vang med ei grein som gjekk opp Skakadalen til Gamlestøga og ei som gjekk opp gjennom Rødalen i Øye til Gamlestøga. Vegen gjennom Rødalen var også Postvegen (sjå kap. 4.5). Leia gjennom Skakadalen til Gamlestøga er også nemnt av Ey (1916). Amtskartet frå 1849 og Stilloff (1939) syner i tillegg ei lei som kom sørfrå Hemsedal gjennom Grøndalen til Gamlestøga.

Ødegaard (1921) har intervjuet Andris Uppdal (f. Nystuen i 1851) om Gamlestøga og vegleie dit, og han fortel: «Jau, seier han Andris e e' fødd på Nystøgun, o de' e kan sei om dette, ha e høyrte taa hone far (Knut Jonsen (Basen) 1804-1891), so venteleg hadde høyrte de' taa far sino (Jon Knutsen Lunde f. 1770). I sjele ellgammal ti' laag vegen – eller rettare sagt vegaleie – imyljo Valdres o Sogn upp ve' Eltun i Øye, o beinaste fjelleie ette Rødale o paa vestsium aat Stogofjore (Utovatnet). Daa va sjølv sagt fjellstogo på vestsium aat vatne o laag der, so dei enno kalle Gamlestøgo. Der e' de' no stølsseto før noko garda nie Dale, Lunde o Skjøre. De' va ventele inkje rart te fjellstogo, men ei lita hytte va de' alti', so farandis folk kunne faa smett se inn for illvere.» Utanom slike munnlege forteljingar, sagnet om Gamlestøgamannen (Hovda, 2001) og tufta etter det som skal ha vore fjellstøga, har ein ingen direkte bevis for at det var ei fjellstøge her. Arkeologisk undersøkingar (Hougen, 1938) syner i alle fall

at det har vore aktivitet knytt til jarnutvinninga i og rundt tomta. Dette saman med dei munnlege forteljningane gjer at ein kan vera ganske trygg på at Gamlestøga saman med St. Thomas-kyrkja, har hatt ein sentral plass for ferdselen over Filefjell fram til fjellstøga vart flytta til Nystøga på 1600 talet. Sjølv om ein ikkje har funne sikre bevis for at tufta på Gamlestøga har vore ei fjellstøge/selehus, er det rimeleg grunn til å tru at ein her har hatt eit husvære som har hatt ulike bruksbehov alt frå jarnutvinninga i vikingtida til fjellstøge på 15-1600 talet.

Eg har leita etter stigen både i lia vest for Tenla og vidare etter dei to nemnde rekslene mot Skakadalen og Grøndalen på turar 03.07., 31.07., 02.09. og 26.09.2020 og 19.06. og 30.07.2021.



Kart 7. Leia frå Gamlestøga og opp mot Saltmannvegen på Vardhovdflænane.

Stigen frå Gamlestøga og opp til Tenlefjorden følgjer Postvegen opp mot skoggrensa og tek oppover bakkane mot sør mellom Postvegen 29 og 28.

Gamlestøga 1-11 følgjer Postvegen 40 – 29.

Gamlstøga 12. VP 209: N 61 10 268, A 8 12 754

Markeringsvarde med 2-4 steinar på bergrygg. Varden ligg i skogbandet med sikt mot Gamlestøga. Her svingar stigen bort frå elva og tek rett opp lia mot sør.



Gamlestøga 13. VP 210: N 61 10 083, A 8 13 066

Fint mura siktevarde, ca. 60 cm høg, på toppen av stor stein rett aust for stigen. Varden ligg der stigen svingar nedover lia mot nord. Ein kjem snart opp lia og på toppen svingar stigen mot aust.



Gamlestøga 14. VP211: N 61 10 026, A 8 13 257

Kryss der den gamle stigen kryssar den nye turstigen som kryssar Tenla på bru og går opp mot Gamlestogofjellet i bakgrunnen. Same turstigen kryssar Postvegen ved Postvegen 24. Ein er no oppe i snaufjellet.



Gamlestøga 15. VP 212: N 61 10 020, A 8 13 519

Stigen kjem fram til bekken/elva frå Svarteknipptjernet. Her deler stigen seg med i grein som går austover langs eit juv i elva mot vaet over Tenla ved Postvegen 22 og 23 (side 50 og 51), og ei som går vidare mot Tenlefjorden på vestsida av Tenla. Her kan ein både hoppe og va over elva frå Svartekippetjerent.

Greina frå vat over Tenla (Postvegen 22 og 23) og opp til Gamlestøga 15 fører inn på reksla mot Tenlefjorden og Saltmannvegen.



Sikt sør-vestover mot Svarteknippa.



Sikt austover mot Tenla.

Gamlestøga 16. VP 213: N 61 10 044, A 8 13 561 (greina mot aust)

Særmerkt stein ved stigen i juvet der bekken/elva frå Svarteknipptjernet renn saman med Tenla. Her ser ein ned mot vaet over Tenla ved Postvegen 22 og 23.



Gamlestøga 17. VP 214: N 61 10 185, A 8 13 637

Nedfallen varde på stor flat stein ca. 100 m vest for vaet over Tenla (Postvegen 22, side 50).



Gamlestøgo 18: VP 122: N 61 10 078, A 8 13 498

Toppstein med ring av små steinar rundt plassert på toppen av stor stein. Ligg på ein bakketopp på nordsida av stigen som går mot vaet (Postvegen 22) over Tenla. Kan ha fungert som siktevarde.



Gamlestøga 19. VP 329: N 61 09 929, A 8 13 772

Va over Tenla rett vest for Tenleosen. Dette vaet kan ha vore brukt for Postvegen ved stor vassføring i Tenla. Her er det lagt ut steinar i elva for vading. Ein går då frå Postvegen 333 og følgjer stranda etter Tenlefjorden fram til utosen og vaet. Dette er også stuttaste vegen frå Postvegen mot Vardhovdflænane og Saltmannvegen.



Gamlestøga 20. VP 328: N 61 09 916, A 8 13 775

Tre steinar (ein har falt ned) som ligg på sida av stor spiss stein. Steinane har truleg legge på toppen av den store steinen, som ligg litt vest (ca. 40 m) for vaet over Tenla.



Gamelstøga 21. VP 444: N 61 09 942, A 8 13 992

To store steinar oppå kvarandre, og på toppen av desse ein stor og tre mindre steinar. Markeringsvarden ligg mellom Gamlestøga 22 og Tenla, ca. 20 m frå elva.



Gamlestøga 22. VP 101: N 61 09 914, A 8 14 160

Markeringsvarde på toppen av stor stein litt sør-vest for Tenleosen. Det går tydeleg stig frå Høgde 1162 fram hit og vidare på vestsida av Tenlefjorden.



Gamlestøga 23. VP 325: N 61 09 887, A 814 144

Stein på stor flat stein som ligg rett nord-aust for stigen. Me er no komne opp til Tenlefjorden med sikt mot Vardhovdtinden. Øy i fjorden rett i sør.



Gamlestøga 24. VP 326: N 61 09 802, A 8 14 289

Tre steinar på stor helle. Alle har falt ned og ligg flatt på hella. Ligg litt vest for stigen og rett vest for øy i fjorden.



Gamlestøga 25. VP 327: N 61 09 871, A 8 14 290

Tre steinar på stor flat stein som truleg har legge oppå kvarandre, men som har falt ned og ligg flatt på steinen. Rett vest for Gamlestøga 24.



Gamlestøga 26. VP 445: N 61 09 617, A 8 14 484

Retningsstein på stor flat steinblokk. Det ligg òg to andre steinar ved sidan av retningssteinen. Me er no ved sør-vest sida av Tenlefjorden.



Gamlestøga 27. VP 446: N 61 09 547, A 8 14 549

Tre steinar på stor flat stein.



Gamlestøga 28. VP 447: N 61 09 420, A 8 14 703

Flat firkanta stein på toppen av stor stein med «kvartsperler». Rett vest for båtnaust ved Tenlefjorden.



Gamlestøga 29. VP 448: N 61 09 343, A 8 14 784

Flat stein på stor stein. Ein toppstein har truleg falt ned. Markeringsvarden ligg om lag 100 m nord-aust for skarp sving i elva mot Tjern 1310. Svarteknipa er så vidt synleg i sør-vest. Leia vidare sørover følger ryggen på vestsida av elva opp mot Saltmannvegen ved Tjern 1310.



På fjellryggen rett vest for vardane Gamlestøga 26 – 29 ligg det tre vardar på toppar langs ryggen. Desse synest å vera av ei annan type enn markeringsvardane på Saltmannvegen. Dei er store og spisse og driv snaue vinterstid. Dei kan ha hatt ei rolle for ein mogleg vinterveg frå Gamlestøga til Skakadalen.

Gamlestøga 30. VP 124: N 61 09 403, A 8 14 543

Liten, delvis nedfallen varde på toppen av kolle sør-vest for Tenlefjorden.



Gamlestøga 31. VP 125: N 61 09 370, A 8 14 547

Fin varde med fleire spisse steinar på toppen av framheva fjellkolle (Høgde 1217). Rett sør for Gamlestøga 30.



Gamlestøga 32. VP 126: N 61 09 326, A 8 14 632

Delvis nedfallen varde på toppen av fjellkolle sør for Gamlestøga 31. Sikt mot elva frå Tjern 1310, og Vardhovdtinden i sør-aust.



Gamlestøga 33. VP 457: N 61 09 279, A 8 14 719

Steinar i ein firkant (ca. 4 x 4 m) på svaberg rett ved den kvasse svingen i elva. Steinane ser ut til å ha vorte lagt ut her, men kva dei har vorte brukte til er ikkje godt å vite. Dei ligg i alle fall i leia mot Saltmannvegen.



Gamlestøga 34. VP 456: N 61 09 183, A 8 14 679

To steinar på større stein som ligg skjult i lyng. Varden ligg nest i lia/ryggen mot tjern 1310. Bildet er tak mot nord med Gamlestøga 33 ved svingen i elva.



Gamlestøga 35. VP 449: N 61 08 739, A 8 14 150

Liten rund stein med to mindre steinar bak på kanten av stor stein. Rett vest for elva frå Tjern 1310, og nesten på toppen av lia som flatar ut opp mot Tjern 1310.



Sikt mot sør.



Sikt mot nord-aust, Tenlefjorden.

Fann ikkje vardar mellom Gamlestøga 34 og 35 langs moreneryggen på vestsida av elva frå Tjern 1310, men det er tydeleg tråkk mange plassar på den turre og lettgådde leia opp mot Saltmannvegen vest for Tjern 1310.

Stuttaste leia frå vestsida av Tenlefjorden mot Saltmannvegen ved Geitskinnfjorden går rett mot Vardhovdtinden og Saltvegen 14. Den 02.09.2020 prøvde eg å finne ei merke lei der. Kryssa elva ved Gamlestøga 33. Lendet på austsida av elva er mykje råare og med meir vier enn på vestsida. Fann ingen markeringsvardar i lia opp mot Vardhovdflænane. Oppe på flænane fann eg tre meir og mindre

tilfeldig plassert vardar. Her må det leitast meir, men det er mogleg at ein har brukt den vestre leia sjølv om ho er noko lenger.

Dei tre vardane oppe på Vardhovdflænane er:

Vardhovd 1. VP 127: N 61 08 944, A 8 15 619

Markeringsvarde med sidestein på stor stein øvst i lia på brinken mot Vardhovdflænane. Sikt mot Tenlefjorden.



Vardhovd 2. VP 98: N 71 08 996, A 8 16 000

Mogleg retningsstein på toppen av stor stein. Steinen har falle ned og manglar støttesteinar. På brinken der det tek til å halle ned mot Tenlefjorden.



Vardhøvd 3. VP 99: N 61 09 019, A 8 16 113

Retningsstein på steinhelle. Også denne ligg fram mot kanten ned mot Tenlefjorden.



4.7 Gamlestøga – Kyrkjestølen

Dette er fortsettelsen av Postvegen som støls- og kyrkjeveg frå Gamlestøga til Hamarstølli'n og Kyrkjestølen (sjå kap. 4.5). Denne leia kan òg ha vore ein jarnalder veg frå jarnvinneområda i Børrelia og Gamlestøgalie fram mot Saltmannvegen i Valdresdalen. Dette skal undersøkje nærare i 2022. Meir kunnskap om tilknyttingen mellom St. Thomas kyrkja og Saltmannvegen er også viktig i denne samanhengen.



Kart 8. Gamlestøga – Kyrkjestølen med stølen i Hamarstølli'n.



Kyrkjestølen under Kyrkjønøse sett frå Sulelie.

Kyrkjestølen 1. VP 494: N 61 10 728, A 8 09 758

Stigkryss med DNT stigen frå Nystøga til Sulebu i Grøne Glenna. DNT stigen frå krysset her til Nystøga er del av stølsvegen frå Gamlestøga til Nystøga, som vart brukt som alternativ stølsveg til Gamlestøga etter at Kongegen kom i 1793. Den gamle stigen går rett fram på bilde mot nordsida av ei myr litt lenger framme. Pilegrimsleden følgjer DNT stigen over mot Nystøga, og det er laga ny stig på nordsida av myrane fram til Kyrkjestølen



Kyrkjestølen 2. VP 492: N 61 10 293, A 8 09 544

Kryssar bekk frå myr som ligg oppe i lia. Herifrå følger leia skiløypa ned bakken mot myrane som strekker seg over mot hyttefeltet på andre sida av dalen.



Kyrkjestølen 3. VP 491: N 61 10 360, A 8 09 944

Tuft rett sør for stigen. Dette var truleg uteslått Storevieren på Nystøga som er teikna inn på Andres Stilloff si kartskisse frå 1926 (Lundberg, 2019). Det har ganske sikkert stande ei løe her. Stigen kryssar Skavlegilbekken (på skibru) rett aust for tufta.



Kyrkjestølen 4. VP 496: N 61 10 366, A 8 08 856

Punkt på stigen. Her har gammel lei gått rett fram, medan «ny» turstig tek mot nord og følgjer den rydda glenna for skiløypa.



Kyrkjestølen 5. VP 490: N 61 10 354, A 8 08 508

Punkt på stigen. Han er merka for turgåing men er tydeleg gammal. Stigen følgjer høgdedraget sør for myrene og er turr og fin å gå bortsett frå nokre bekkedrag som kryssar.



Kyrkjestølen 6. VP 489: N 61 10 322, A 8 08 090

Punkt på tydeleg gammel gropstig.



Kyrkjestølen 7. VP 488: N 61 10 310, A 8 08 012

Vegskilje for stig som går rett fram på sørsida av myra, og veg mot stølen i Hamarstølli'n som kryssar over myra mot nord rett aust for myrputten midt i myta.

Vi følger stigen som går mot nord, stølen i Hamarstølli'n og Kyrkjestølen.



Kyrkjestølen 8. VP 487: N 61 10 312, A 8 07 884

Punkt på ganske synleg tråkk. Stigen går vestover på nordsida av myrdraget der skiløypa går. Bergkolle på nordsida.



Kyrkjestølen 10. VP 486: N 61 10 307, A 8 07 674

Punkt på stigen på ei høgde med myr mot nord. Stigen går i myrkanten med bergkolle i aust.



Kyrkjestølen 11. VP 485: N 61 10 309, A 8 07 554

Litt utydeleg punkt på stigen som gå under berghammaren fram mot stølen Hamarstølli'n.

Manglar bilde.

Kyrkjestølen 12. VP 484: N 61 10 300, A 8 07 413

Tuft etter stølen i Hamarstølli'n. Her er murar etter to hus, det største ca. 4 x 6 m. Stølen ligg lunt og frodig til under berghammaren i sør. Her har det ganske sikkert vore godt beite for dyra, men om skogen stod like tett den tida det vart støla her som no, kan det stemme at det ikkje var lett å halde udyra unna (sjå kap. 4.5).



Kyrkjestølen 13. VP 483: N 61 10 361, A 8 07 368

Tydeleg tråkk oppe i lia ca. 50 m vest for stølen.



Kyrkjestølen 14. VP 354: 61 10 312, A 8 07 118

Tydeleg tråkk/ gropstig. Vidare fram mot Kyrkjestølen i nord-vest er det fleire hytter, og det er vanskeleg å finne vegen vidare dit. Kanskje har han gått i leia for Kongevegen som går rake vegen mot Kyrkjestølen.



Kyrkjestølen 15. VP 498: N 61 10 184, A 8 07 641

Vi er attende på stigen som går på sørsida av myrane mot Sula. Stigen går opp lia mot sør før han svingar vestover att. Her er vi på høgste punktet før han svinagar nord-vest over mot Kongevegen.



Kyrkjestølen 16. VP 499: N 61 10 244, A 8 07 094

Tydeleg stig med kolgrop rett ved. Det er fleire kolgroper i lia her.



Kyrkjestølen 17. VP 500: N 61 749, A 8 06 805

Stigen kjem fram til Kongevegen og ser ut til å fortsetje på andre sida (Kyrkjestølen 18).



Kyrkjestølen 18. VP 501: N 61 10 763, A 8 06 767

Punkt rett på nordsida av Kongevegen. Her er ikkje stigen i bruk lenger og i stor grad attgrodd, men leia ser ut til å fortsetje mot Sula.



Merknad

Her skal det leitast vidare for å finne ei mogleg lei vestover gjennom Sulelie til Fillestølen, Buahaugane, Sluten og opp mot Saltmannvegen i Valdresdalen.

5. Funn etter rekslene og andre kulturminne

5.1 Fangstanlegget i Ursdalen mellom Ljøtebottegge og Grensehøgde

I Valdres Bygdebok nr. 2 (1958) fortel arkeolog Bjørn Hougen om eit fangstanlegg i Ursdalen, som han saman med reingjetaren Mats Bø, besøkte i 1940. Anlegget skal ha 18 bøgahi, 2 reinsgraver og ein lang ledemur. Det er stort i Vangs-målestokk, men eg har ikkje funne andre skriftlege kjelder om anlegget, så truleg har det vore gjømt og gløymt i lang tid.

Den 11.08.2021 gjekk eg og son min Torstein opp Ljøtebotnane til utfallsosen til Austre Langetjernet (1520 m o. h.) og derfrå austover Ursdalen mellom Ljøtebottegge og Grensehøgde. Dette er ein audsleg dal ikkje langt frå grensa mot Hemsedal, med stein og urd og fleire mindre tjern/puttar austover frå dei to større tjerna mot vest. Dalen snevrar inn mot aust og fangstanlegget ligg strategisk til mellom det austre tjernet (1519 m o. h.) i dalen og fjellet bak. Me fann anlegget som beskrive av Hougen i ord og bilder, sør for Høgde 1604 som ligg litt aust for Ljøtebottegge og 100 – 200 m nord for Tjern 1519. Alle bøgahia ligg i ura med ein fjellskrent bak og med fronten mot Tjern 1519 i sør-aust. På vegen austover i dalen fann me også spor som truleg kan fortelja om

fangsaktivitet i eldre tider. På vegen heim at gjennom Svanedalen og over mot Maradalen var det også fleire godt synlege vardar, men desse vart ikkje registrert.

Me registrert bøgahia, reinsgravene og andre merke i området med GPS, men tida strakk ikkje til for å få med alt (me fann 13 av 18 bøgahi). Dagane blir fort stutte i område som ligg så langt av lei.

Dei fleste bøgahia var store, halvsirkel forma med ei breidde på 2-3 m og 75 – 100 cm høge. Fleire av dei kunne fint romme to mann. Her var nok av stein å ta av til muringa. Elles var botnen i hia påfallande fine med nesten småpukka stein. Den gjennomgåande muren som er nemnt av Hougen var ikkje lett å sjå, men vi hadde for lite tid til å studere anlegget i detalj. Det var elles ikkje vanskeleg å finne og att-fotografere bøgahiet og reinsgrava som Hougen tok bilde av for over 80 år sidan. Her forandrar det fysiske seg lite med tida, men at det må ha vore stor aktivitet her i tidlegare tider er ganske sikkert.


Det skulle det vore moro å finne ut meir om dette anlegget, og her treng me bistand av fagfolk med kunnskap om fangstanlegg for rein. For å finn ut når og korleis anlegget har vore brukt må ein inn med nærare feltstudiar. Me veit at det har gått eit reinstrekk gjennom Ljøtebotnane forbi Langetjerne mot Fossegråtjernet (sjå kap. 4.2) og kanskje har reinen vorte leda inn Ursdalen mot fangstanlegget derifrå. Dei moglege bøgahia ved Ursdalen 1, 2 og 4 kan tyde på det. Ei anna moglegheit er at reinen har trekt opp mot snøfonnene i området om sommaren og ein har jakta på dei der (Finstad et al. 2011).



Fangst området lengst aust i Ursdalen sett mot vest. Feltet ligg mellom fjellskrenten i nord og tjernet i sør-aust.



Kart 9. Ursdalen mellom Ljøtebottegge i nord og Grensehøgde i sør. Fangstanlegget ligg rett nord for Tjern 1519 aust i dalen.



Kart 10. Fangstområdet med 12 bøgahi og 2 dyregraver. Anlegget strekker seg ca. 200 m vest – aust og 100 m nord – sør.

Ursdalen 1. VP 38: N 61 06 408, A 8 17 151

Mogleg bøgahi eller ledestein rett sør for Ljøtebotnane 9 ved utfallsosen til Austre Langetjern (sjå kap. 4.2). To steinheller er reiste opp mot større stein på ein bakkeopp.



Ursdalen 2. VP 109: N 61 06 505, A 8 16 980.

Mogleg bøgahi eller ledestein rett sør for Ljøtebotnane 10 ved nordenden av Vestre Langetjern (sjå kap. 4.2). Fint oppmura steinar med to sidesteinar i ein trekant.



Det kan vera fleire bøgahi og andre fangstinnretningar i området. Dette synest å vara ei naturleg lei for rein på veg både opp og ned Ljøtebotnane og gjennom Ursdalen. Her blir dei pressa saman på odden mellom dei to vatna. Reinen kan ha vorte leda herifrå og mot fangstanlegget aust i dalen.

Ursdalen 3. VP 360: N 61 06 455, A 8 17 660

Denne steinen ligg i lia sør- aust for det austre av Langetjerna, på vegen innover mot fangsområdet aust i dalen. Det ligg ein merkestein oppå den store steinen og staden han ha vore ein plass for le og opphald. Den store hella i front kan ha stande oppe som ein «vegg» for eit krypinn.



Ursdalen 4. VP 361: N 61 06 487, A 8 18 202

Rett opp for det første tjernet aust for Austre Langetjern i skaret mellom Ljøtebottegge og Høgde 1604 ligg det fleire meir og mindre samanraste murar som kan ha vore bøgahi, eller ein form og stengsel eller ledegjerde i eit fangstanlegg. Eit stengel her vil kunne stoppe reinen frå å trekke inn i skaret og ut av dalen.



Ursdalen 5. VP 362: N 61 06 390, A 8 18 627

Fyrste bøgahiet me kjem fram til vestfrå. Dette hiet og heile fangstanlegget ligg nord-vest for Tjern 1519 som er det øystre av den lange rekka med små tjern i dalen. Det er hesteskoforma og ca. 3 m i diameter, sikkert plass til 2 jegerar.



Ursdalen 6. VP 363: N 61 06 388, A 8 18 617

Firkanta mur/tuft, ca. 2 x 2 m. Ligg rett bak bøgahiet Ursdalen 5. Dette kan også ha vore eit bøgahi, men skil seg i så fall frå dei andre med lægre murar.



Ursdalen 7. VP 364: N 61 06 377, A 8 18 644

Bøgahi med stor stein i bakkant.



Ursdalen 8. VP 365: N 61 06 384, A 8 18 654

Bøgahi mura mot stor stein som utgjer eine sida i fronten.



Ursdalen 9. VP 366: N 61 06 382, A 8 18 658

Bøgahi.



Urtdalen 10. VP 367: N 61 06 376, A 8 18 662

Mur som ser ut til å lede opp mot fjellskrenten bak. Ikkje direkte tilknyting til reinsgravene. Må undersøkjast nærare.



Ursdalen 11. VP 368: N 61 06 375, A 8 18 685

Same bøgahi fotografert i 2021 (over) og 1940 (under) (Hougen, 1958). Sikt austover mot skaret som går ned mot Ursdalstjernet (1410 m o.h.).



Bøgahi i Ursdalen.

Ursdalen 12. VP 369: N 61 06 379, A 8 18 704

Bøgahi.



Ursdalen 13. VP 371: N 61 06 385, A 8 18 713

Godt bevart bøgahi med 70-80 cm høge murar og fin botn.



Ursdalen 14. VP 372: N 61 06 388, A 8 18 728

Samanrast reinsgrav med ledearmar/bægje. Sikt mot Svanedalen som går mot nord.




Ursdalen 15. VP 373: N 61 06 390, A 8 18 716

Bøgahi.



Ursdalen 16. VP 374: N 61 06 397, A 8 18 725

Reinsgrav fotografert i 2021 (over) og 1940 (under), (Hougen, 1958)



Ursdalen 17. VP 375: N 61 06 400, A 8 18 702

Ringforma bøgahi som ligg litt bak de andre.



Ursdalen 18. VP 376: N 61 06 394, A 8 18 732

Godt bevart bøgahi med «pukka botn, ca. 70 cm høg mur og 2,5m brei.



Ursdalen 19. VP 377: N 61 06 399, A 8 18 766

Delvis nedfalle bøgahi som er mura med stor stein som fundament.



Ursdalen 20. VP 378: N 61 06 402, A 8 18 783

Delvis nedfalle bøgahi som er mura oppå stor stein.



Urkdalen 21. VP 379: N 61 06 392, A 8 18 807

Varde på toppen av stor trekanta stein. Truleg del av eit ledesystem.



Urkdalen 22. VP 380: N 61 06 405, A 8 18 807

Firkanta stein på ryggen av stor rund steinblokk. Sikt mot Svanedalen.



5.2 Steinurdi

Reinsgrav ved Steinurdi 9. VP 111: N 61 06 325, A 8 15 995. Kart side 22.

Godt bevart reinsgrav med fangarmar/bægji rett under fjellskrenten som varden Steinurdi 5 står på.



Samanrast reinsgrav langs elva i Steinurdalen mellom Steinurdi 20 og 21. VP 116: N 61 07 657, A 8 14 134. Kart side 22.



Oppmura bøgahi eller reisgrav på sør-aust sida av Steinurdalstjernet. VP 77: N 61 07 129, A 8 15 467. Kart side 22.

Murane ligg heilt i vasskanten og er ca. 1,5 x 0,6 m og 1.2 m høge. Eine langsida står fint medan den andre held på å sige inn. Det kan også ha vore ei reinsgrav, men det er vanskeleg å skjønne korleis reinen kan ha kome oppi, og det er ingen ledegjerde inn mot murane.

Det er tydelege reinstrokk i området, så det er ingen tvil om at det er ein naturleg veg for reinen når han kjem etter land her.



5.3 Saltmannvegen over Filefjell



Kart 11. Saltmannvegen og funnstader ved Nedre og Øvre Geiskinnfjorden.

Halv hestesko. VP 66: N 61 08 745, A 8 18 841, 1275 m o. h.

Skoen vart funne på sørsida av utfallsosen i Nedre Geitskinnfjorden den 23.09.2019. Sko-delen stakk 5-10 cm under overflata på graskledd mineraljord. Skoen har tydeleg saum, men er tynnslett/rusta og må ha ligge lenge i jorda. Skoen har vore ganske liten med lengde og breidde på ca. 9 cm og 4-5 mm tjukk. Han er levert inn til Kulturhistorisk museum i Oslo for tidfesting. Har ikkje fått svar endå, men arkeologane hjå Fylkesmannen i Oppland anslo at han kunne vera frå 12-1300 talet.



Del av hestesko. VP 81: N 61 08 754, A 8 18 809, 1279 m o. h.

Funnet av hesteskoen vart gjort på nordsida av utfallsosen i Nedre Geitskinnfjorden den 17.07.2020. Skoen låg flatt 5 – 6 cm under bakken i mineraljord berre eit par meter frå vasskanten. Liksom skofunnet på andre sida av osen var denne skoen også om lag 9 cm lang og 4-5 mm tjukk.




Del av hestesko. VP 96a: N 61 08 684, A 8 19 012, 1292 m o. h.

Skoen vart funne 31.07.2020 i ned kanten av ei grasslette sør-aust for osen i Nedre Geitskinnfjorden rett ved DNT stigen. Han låg ganske flatt 6-8 cm nede i mineraljord. Skoen har brotna ved ein saum og er 9 cm lang og 4-5 mm tjukk.



Heil hesteko. VP 96b: same posisjon som VP 96a.

Fann ein heil hesteko berre 1,5 m aust for VP 96a. Denne låg flatt berre 1-3 cm nede i jorda og var større enn dei andre hesteskofunna: 13,5 cm lang, 12,5 cm brei og 7-8 mm tjukk. Skoen var tydeleg mindre rusta og kraftigare enn dei andre og synest å vara av yngre årgang, kanskje 1800 talet. Skoen har grev og hakar, noko dei andre manglar.



Alle dei fire funna av hesteko i same område syner at det har vore hestetrafikk her, og alderen tyder på at dei er knytt til ferdselen etter Saltmannvegen, og dermed eit klart signal om at Saltmannvegen har gått her. Alle skorne utanom VP 96 b er sende til Kulturhistorisk museum for nærare tidfesting.

Jernfragment. VP 84: N 61 08 667, A 8 16 556, 1321 m o. h.

Den 17.07.2020 fann eg eit lite sterkt rusta jernfragment i eit tynt jordlag på fjellgrunn rett nord for Saltmannvegen 15 (sjå Eltun og Finstad (2021), side 21) . Biten var ca. 2 cm langt, 1,5 cm brei og 1-2 mm tjukk. Det kan sjå ut til at det er ein «kjøl» på eine sida og det kan ha vore ein pilspiss. Biten er vurdert som ubestemmeleg av kulturarv seksjonen i Innlandet fylkeskommune.



5.4 Postvegen

Stølstufter VP 348: N 61 10 511, A 8 16 788

Det ser ut til å vera to tufter på denne haugen i nord-enden av Røtjern. Dette kan ha vore stølane der Gamlestøgamannen røva budrotten/ost og smør som var laga på stølen, og drap den eine budeia. Han skal ha spikra hovudet på bu-veggen og kasta den hovudlause kroppen i Røtjernet. Det blir sagt at ho skrik mot dårleg vær!



Gammal mura omn? VP 334: N 61 10 163, A 8 14 182

Denne muren som liknar på ein utepeis, ligg lunt til i lia ned mot Tenlefjorden like ved Postvegen/Pilegrimsleden. Kanskje er det ein kvile- eller rasteplass av nyare dato, men han ser gammal ut.



5.5 Andre kulturminne

Reinsgrav aust for Tjern 1415 i skaret mot Maradalen. VP 140: N 61 08 271, A 8 19 406. Kart 3, side 14.

Grava ligg i eit trangt skar og det er synlege bægje/ledegjerde på begge sider som leiar inn mot grava. Grava står fint, ca. 1,5 m lang, 0,5 m brei og 1.5 m djup. Tjernet drenere ut gjennom ura i skaret og det renn vatn i botnen av grava.



Mogleg bøgahi i sør-vest enden av Tjern 1314. VP 133: N 61 08 119, A 8 14 494. Kart 4, side 22.

Bøgahiet ligg i ei ur der det er reinstrokk i kanten mot vatnet. Steinane har falle ned, men det er tydeleg at det har vore lagt opp ein mur/skjul her.



Tuft på sørsida av Nedre Geitskinnfjorden. VP 61: N 61 08 347, A 8 18 007. Kart 11, side 100.


Stor tuft på 5 x 10 m på morenerygg rett vest for bekken som renn inn frå sør i Nedre Geitskinnfjorden. Murane er svært tydelege, men eg har ikkje funne nokon restar som kan fortelje om alder eller bruk. Så vidt eg har spurt, finst det ingen lokal kjennskap til kva tufta har vore brukt til. Det mest nærliggande er at det har vore ein støl her, men då er det rart at ingen kjenner til kven som har støla her. Tufta ligg helst på feil side av vatnet til at ho kan ha hatt nokon viktig rolle for ferdselen etter Saltmannvegen. Truleg blir det opp til fantasien å sei meir om kva som har føregått her, men liv og røre har det vore i si tid.



Tuft på nordsida av Øvre Geitskinnfjorden. VP 62: N 61 08 614, A 8 17 387. Kart 11, side 100.

Tufta ligg på ein liten fjellrygg rett på sørsida av Saltmannvegen nest i bakkane mot Vardhovdtinden og om lag 300 m frå Øvre Geitskinnfjorden. Ho er ca. 2 m brei og 2,5 m lang med dørpning mot sør. Berre murane står at. Andris Eltun Kjerstein (1921-2006) fortalde at det endå var restar etter møneåsen i hans ungdom, og eg fann dørkroken (bilde) den 16.07.2020. Andris meite ho hadde høyrte til garden Brekke.

Bruken må ga attende til 1800 talet og kanskje før det, men kva ho har vore brukt til er ikkje kjent. Geitskinnfjordane er kjende som gode fiskevatn, men om det hadde vore fiskebu hadde ho knapt legge så langt frå vatnet. Meir truleg er det at ho har vore brukt i samband med jakt og reingjeting, men ein skal heller ikkje sjå bort frå at det har vore felæger her. Det er i alle fall gode beite i område rundt Vardhovdtinden. Tufta ligg også rett ved Saltmannvegen, men så lenge ein ikkje kjenner alderen er det vanskeleg å sei om ho har hatt nokon rolle for ferdsele der. Eit krypinn for fjellfolk var ho i alle fall i si tid.



Legoplass/hellar. VP 134: N 61 08 434, A 8 15 888. Kart 7, side 60.

Hellaren ligg sørvendt på nordsida av bekken frå Tjern 1316 til Øvre Geitskinnfjorden. Han ligg bak ein stein inn mot bakken og er ikkje lett å finne, men ein stein på haugen rett ved har nok vore landemerke. Hellaren er ca. 2 m djup/lang, 1 m brei og 60 cm høg. Han er tydeleg tetta til med stein og torv og ligg i ein turr bakke.

Fann ei øks med bumerke A, spiker og material-/vedrestar rett innanfor opninga. Dette fortel om aktiv bruk av reingjetarar og jegerar, men det går ganske sikkert minst ein generasjon tilbake i tid. Det var Tøris Lerhol (1909-1992) som fortalde og synt meg plassen rundt 1965, og han viste ikkje når han sist var i bruk. Moro var dei alle fall å finne at plassen og oppdage restar etter brukarane.



Den 29.07.2019 var me på leiting etter moglege kvileplassar/tufter i området mellom Svarteknipptjernet og Øvre Sulevatnet som kan ha vore i bruk av t.d. ferdafolk etter Saltmannvegen, jegerar og reingjetarar. Utanom Gamle Sulebu fann me to moglege tufter, men berre arkeologar kan sei meir om dette er verkelege tufter.

Mogleg kvileplass. VP 55: N 61 07 782, A 8 10 99. Kart 2, side 6.

Plassen ligg i lia rett aust for Tjern 1346. Her kan to store steinar og ein murvegg ha gitt livd for vær og vind. Grunnflata er ca. 2 x 2 m.



Mogleg tuft. VP 58: N 61 07 785, A 8 10 984. Kart 2, side 6.

Plassen ligg like ved VP 55 med steinar i ein firkant (2 x 3 m) som kan likne ein grunnmur.



Hellar. VP 56: N 61 07 797, A 8 11 137. Kart 2, side 6.

Dette er ein stor naturleg hellar med ei steinhelle som tak. Hellaren ligg godt oppe i lia nord-aust for Tjern 1346 med flott utsikt mot Øvre og Nedre Sulevatnet. I følgje Jørund Ødegård Lunde har han vore i bruk av reingjetarar først på 1900-talet, og sikkert av reinjegerar før det. Det er også funne ei øks like ved (Dagfinn Hegg-Lunde, pers. oppl.) som fortel om bruken.



Gamle Sulebu. VP 59: N 61 08 115, A 8 10 973. Kart 2, side 6.

Den opphavlege Sulebua ligg ved sørenden av Tjern 1331 på ein frodig grøn morenerygg, og er merka av på gamle kart (AMS M711, Øye, 1:50 000, 1952). Det har vore to husvære her, ei steinbu og ei tømmer-/plankebu. Steinbua er fint mura inn mot morenehaugen og det ligg ein jordkjellar like ved. Inni er det framleis mange restar etter tidlegare bruk, som støypejarnomn, blikkboksar, skosolar, mm. Kanskje har ho vore brukt som avfalls plass for tømmerbua som i følgje Lundberg (2019) stod her fram til 1932, då ho vart flytta til Øvre Sulevatnet og brukt som fiskebu for Nystøga. Tømmerhytta sto på toppen av ryggen og hadde også jordkjellar. Bølgeblikktaket og gamle tømmerstokkar ligg der enno.

Kor lenge desse buene har vore i bruk er ikkje godt å vite. Lundberg (2019) seier at plassen har vore brukt som felæger, men buene har elles sikkert vore brukt i samband med tamreinsdrifta på Filefjell som tok til alt tidleg på 1800-talet (Opdal, 1956). Stor aktivitet har det i alle fall vore her heilt fram mot siste verdskrigen.



6. Kjelder

AMS M711, Øye, 1:50 000. 1952. Prepared by the Army Map Service (AM), Corps of Engineers, U. S. Army, Washington, D. C.

Amtskart Christians Amt. 1949.

Deutsch Heereskarte, E 31 W Vangsmjøsi, 1:50 000. 1944. Herausgegeben vom OKH Gen St d H, Chef des Kriegskarten- und Vermessungswesens.

Eltun, R. 2020. Rapport frå registreringar av gamle ferdselsvegar/ reksler og andre kulturminne i Øye vestfjell på Filefjell i 2019 og 2020. 66 s.

Eltun, R. og Fintad, E. 2021. Rapport frå kartlegging av Saltmannvegen over Filefjell – Skakadalen til Nedre Smeddalsvatnet, 2019 – 2021. Arkivert og lagra i arkivet til Innlandet fylkeskommune, kulturarv. 129 s.

Finstad, E., Marstein, R., Pilø, L., Stokstad, J. og Brimi, A. 2011. Jotunheimen - Historien, maten, turene. Gyldendal Norsk Forlag AS. 213 s.

Ey, T. 1916. Vang og Slidre. Ei nokre ord um garden der og folket, som har but på dei, i dei siste tvo hundre år før 1865. Kristiania, Nikolai Olsens Boktrykkdri. 786 s.

Frøholm, A. 1985. Valdres Bygdebok I Del A. Gardar og slekter i Vang. Valdres Bygdeboks Forlag. 906 s.

Haugen, B. 1938. Innberetning om høyfjellsundersøkelser. UO top ark.

Hegg-Lunde, Dagfinn. Pers. oppl. 2019 og 2020 og Pers. rapport om Postvegen.

Hermundstad, K. 1939. Ymse frå Valdres i gamal tid. DNT Årbok 1939: 71-80.

Hovda, S. 2001. Turhandbok Vang i Valdres. Valdres Trykkeri, Fagernes. 256 s.

Hvattum, H. 1993. På gamle vegar i Valdres. Valdres Forlag og Valdres Fokemuseum. 366 s.

https://www.facebook.com/KulturarvInnlandet/videos/335956814168072/?v=335956814168072¬if_id=1603266180349470¬if_t=watch_follower_video

https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Postvegen_Christiania-Bergen

Jahnsen, J. B. 2006. Pilegrim i Valdres. Andersen & Butenschøn. 155 s.

Johannessen, F. E. 1997. Alltid underveis. Postverkets historie gjennom 350 år. Bind 1 1647-1920.

Kristiansen, N. 2020. Hvor fort forsvinner en sti ingen går på? <https://forskning.no/skog-spor-en-forsker/hvor-fort-forsviner-en-sti-som-ingen-gar-pa/1758057>

Lillebrænd, P. 1972. Valdres Bygdebok III Fyrste delen. Valdres Bygdeboks Forlag, Leira, Valdres. 688 s.

Lindberg, A. 2019. Filefjell – Natur folk og landskap. Dreyers Forlag Oslo. 317 s.

Lund, K. T. 1997. Han far. Prestehistorie og bygdeliv i Vang i Valdres. Valdres trykkeri. 406 s.

Lunde, Jørund og Johannes. Pers. oppl. 2019, 2020 og 2021.

Opdal, I. A. 1956. Tamreindrift og fjellfolk . Samholds trykkeri. 82 s.

Opdal, Asgrim. Pers oppl. 2022.

Stilloff, A. 1939. Reiseliv før i tiden. DNT Årbok 1939: 23-35.

Temaplan for kulturminne i Vang. Vedtekne i Vang formannskap 04/12.2018, Sak 059/18. 184 s.

Ødegaard, O. K. 1921 Gamalt fraa Valdres. V. Kristiania, Nikolai Olsens Boktrykkeri. 117 s.